



Slik var situasjonen klokka 13.45 fredag ettermiddag i busslomma. (Foto: Ola Matti Mathisen)

FAU har drøfta bruken av busslomma som av- og påstigningsplass for foreldre som bringer og hentar ungar i samband med skulestart og skuleslutt. Det fører til tider til 'kaos' og farlege situasjonar og det har vorte drøfta kva ein kan gjera for å unngå dette.

Til veka vil det difor bli gjennomført ein trafiksikkerheitskampanje. I samarbeid med politiet har FAU bestemt seg for å gjera noko for å bevisstgjera og opplysa folk i den mørkaste tida.

Foreldra synest dette er eit godt tiltak for å sikra skulevegen til borna.

Til veka vil rektor Vidar Haugland stille i busslomma saman med to foreldrar kvar morgon frå klokka 8 til 8.20 og det vil bli delt ut løpesedlar til trafikantane som leverer ungane, I løpesedlane blir foreldra oppmoda om ikkje å køyra elevane til busslomma. Om ettermiddagen er det i dei ti minuttane frå klokka 13.45 til 13.55 trafikken er størst i busslomma.

Det er ynskjeleg at det stiller to foreldre kvar morgon i denne veka. FAU er igang med å 'rekruttera' desse foreldra og Siren Simonnes ynskjer snarleg attendemelding om dette.

Ho har mailadresse siren.simonnes@dbnor.no

Saman med rektor har ho også skrive til Statens vegvesen om trafiksikringstiltak i tilknytning til busslomma og i bakken forbi denne. Dei peikar på at lomma ofte er farefull og uoversiktleg på grunn av parkering av både trailarar, trailertilhengjarar og spesielt personbilar i samband med start og slutt for skulen.

Det er ynskjeleg med tiltak i busslomma før det skjer ei ulukke og særleg aktuelt er oppsettjing av skilt som viser innkøyringsforbod for andre enn bussar, ialfall i tida mellom 8 og 15 på kvardagar. Det er også eit sterkt ynskje om redusert fart til 40 kilometer i bakken frå Brekketoppen og forbi busslomma, helst kombinert med humpar, gjerne to slike på kvar side av fotgjengarfeltet.

Av Ola Matti Mathisen